



Saksframlegg

Saksnr.	Utvål	Møtedato
06/25	namneutvalet	14.11.2025

Namn på turveg til Osberget

Samandrag:

Kommunen har motteke namneforslaget *Osbergstien* til turvegen til Osberget. Namnenemnda føreslår i staden namnet *Osberggråsa*, sidan ordet *rås* er vanlegare i lokalmålet og bør førast vidare i stadnamnsetjinga. Namneforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til Språkrådet.

namneutvalet 14.11.2025

Behandling:

Namneutvalet føreslår namnet *Osberggråsa*. Det er viktig å vidareføre bruken av ordet *rås* i dialekta vår. Det vart diskutert om *rås* er eit rett namn for ein opparbeidd og relativt brei veg, men nemnda landa til slutt på namnet *Osberggråsa*.

Namneforslaga vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til Språkrådet.

NAM - 06/25 Vedtak

Namneutvalet går inn for namnet *Osberggråsa*.

Kommunalsjefen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysninger:

[Lenke til eigedomen/området i Sunnmørskart.no](https://sunnmørskart.no)

Det er kome innspel frå kultursjefen i Ulstein kommune om at den nye turvegen til Osberget bør få eit namn. Det foreslåtte namnet tek utgangspunkt i turmålet, og lyder *Osbergstien*.

Namnenemnda har kome med forslaget *Osbergråsa*, istaden for *Osbergstien*. Forslaget vert lagt ut til offentlig ettersyn og sende på høyring til Språkrådet, før vidare handsaming i teknisk utval.



Trine Sæter
ingeniør byggesak/eigedomskatt